

22.04.2004

2004/2484-115

Postmottak KKD

Fra: Ernst Håkon Jahr [ErnstHakon.Jahr@hia.no]
Sendt: 22. april 2004 10:27
Til: postmottak@kkd.dep.no
Emne: Høringsfråsegn Norsk språkråd



Norsk-spr?kr?d-Høyringsfr?segn...

Oslo Det Kongelige Kultur- og kirkedepartement

Vedlagt følger høringsuttalelsen fra Høgskolen i Agder. Den er ført i pennen av professor Martin Skjekkeland, Fakultet for humanistiske fag.

Vennlig hilsen

Ernst Håkon Jahr
Professor dr. philos. & h.c.
Rektor Høgskolen i Agder

Omdanninga av Norsk språkråd

Høyringsfråsegn frå Høgskolen i Agder

Kultur- og kyrkjedepartementet har invitert mange institusjonar her i landet til ei høyring om den pågående omdanninga av Norsk språkråd.

Høyringsbrevet (datert 20.01.04) er delt i to punkt. Hovudpunktet gjeld utviklinga av ein samla strategi for den nye institusjonen som skal etablerast til erstatning for Norsk språkråd. Deretter drøftar ein den samfunnsforankringa den nye institusjonen skal ha. Begge punkta blir avslutta med ein invitasjon til høringsinstansane om å fremja synspunkt og koma med innspel knytte til dei nemnde hovudtemaa.

I denne høyringsfråsegna tek me utgangspunkt i det nemnde brevet og i *Stortingsmelding nr. 48 (2002-2003) Kulturpolitikk fram mot 2014*. Me vil i særleg grad kommentera dei arbeidsoppgåvene den nye institusjonen bør ha og legg i fråsegna vår vekt på fem moment: Den norske språksituasjonen – to offisielle målformer, språkleg mangfald, språksituasjonen for personar med framandkulturell bakgrunn, domenetap for norsk språk, og samfunnsforankringa av den nye institusjonen.

Om den norske språksituasjonen – to offisielle målformer

Norsk språkråd vart skipa som eit organisatorisk uttrykk for eit ønske om å byggja ned frontlinene i språkstriden og leggja til rette for språkfred.

I føremålsparagrafen for Norsk språkråd heiter det m.a.

Norsk språkråd skal vera om den kulturarven som norsk skriftspråk og talespråk representerer, fremje tiltak som kan auke kunnskapen om norsk språk, fremje toleranse og gjensidig respekt mellom alle som bruker norsk språk i forskjellige variantar, og verne om det enkelte mennesket sine rettar når det gjeld bruken av språket.

Norsk språkråd skal føre tilsyn med oppfølginga av mållova når det gjeld statsorgan under departementsnivå, og skal ta initiativ til at norsk språk, nynorsk og bokmål, blir sikra som fullverdige uttrykksmiddel i språkteknologi og annan informasjons- og kommunikasjonsteknologi.[...]

Språkrådet gjer vedtak i spørsmål som gjeld læreboknormalen og rettskrivinga elles for bokmål og nynorsk. Vedtak om endringar må godkjennast av Kulturdepartementet. [...]

Språkrådet arbeider for språkleg toleranse, spreier kunnskap om enkeltmennesket sine språklege rettar, og freistar fremje medvit om godt språk. [...]

Langt på veg har Norsk språkråd lukkast i mykje av det som er nemnt i føremålsparagrafen. Men tida har endra seg: Det er ikkje lenger dei tradisjonelle rettskrivingsspørsmåla som representerer dei største utfordringane for ein framtidsretta språkpolitikk. Språkvern eller språkstyrking i vid meinung, ved sida av tradisjonell språkrøkt, står nå fram som meir påtrengjande oppgåver. Me er difor einige med departementet i at det nå er naturleg å kanalisera den statlege innsatsen inn i organisatoriske former som er betre tilpassa ei ny tid.

Men all tidlegare tenking må ikkje kastast over bord: Jamvel om Norsk språkråd har representert ein arena for språkpolitisk tilnærming og forsoning, er dei gamle motsetnadene til dels ein refleks av ulike språkpolitiske grunnsyn som knapt vil forsvinna, og som er ein del av

eit verdfullt språkpolitisk engasjement her i landet. Me synest det er viktig å streka under det som også Stortingsmelding nr. 48 tek fram, nemleg at den nye institusjonen ikkje må gøyma bort dei gamle motsetnadene, men må vera open for debatt om alle spørsmål som melder seg. Ambisjonen bør likevel vera at institusjonen som operativ aktør konsentrerer innsatsen sin om saker som kan vinna brei tilslutnad hjå dei som er opptekne av vilkåra for norsk språk i vid meinings, jamvel om dei kan ha ulike syn i meir tradisjonelle språkpolitiske spørsmål.

I den nemnde prosjektskissa (24.03.03) som departementet har utarbeidd, er hovudformålet med den nye institusjonen formulert på følgjande måte:

Det nye kompetansesenteret skal stimulera og byggja opp under korrekt og god språkbruk i vid meinings og skal aktivt fremja bruk av norsk språk som ein funksjonell reiskap i alle delar av samfunnet og formidla verdien av norsk språk som ein innebygd del av norsk kulturarv. Det skal skje på grunnlag av kunnskap om språkleg tradisjon og gjennom observasjon av aktuell språkutvikling. Senteret bør leggja vinn på å utnytta og samordna relevant kunnskap og kompetanse og kanalisera desse ressursane inn i eit målretta utviklingsarbeid for norsk språk.

I høyringsbrevet blir det sagt at behovet for eit slikt målretta utviklingsarbeid må sjåast i samanheng med ambisjonen om å legge til rette for at norsk språk, både bokmål og nynorsk, kan bestå som fullverdig bruksspråk i alle delar av samfunnslivet, også inn i det nye informasjonssamfunnet. Dette er det overordna målet for norsk språkpolitikk som blei lagt til grunn i St.meld. nr. 9 (2001-2002) *Målbruk i offentleg teneste*, som Stortinget slutta seg til gjennom behandlinga av Innst. S. nr. 109 (2001-2002).

I prosjektskissa (24.03.03) blir det også lagt vekt på det særeigne ved den norske språksituasjonen. Her heiter det:

Eit avgjerande utgangspunkt for ein språkpolitikk som kan få noko reelt å seia for språkutviklinga, ikkje minst for å tryggja posisjonen for norsk språk i Noreg og for nynorsk i høve til bokmål, er at ein i større grad enn i dag maktar å formulera kva verdi dette har. Dette må gjerast på ein slik måte at det vert forstått og akseptert av sterke språklege premissleverandørar i samfunnet og hjå den unge generasjonen. Det må leggjast vekt på å byggja opp prestisje for morsmålet vårt, for norsk språk. Dette krev også at det må tenkast strategisk, dvs. at ein ikkje berre kan leggja til grunn det som kan henda fagleg og vitskapeleg ville vera den beste løysinga, men at ein må ha eit sideblikk til kva det er som kan vinna oppslutnad hos språkbrukarane.

Ein lekk i den strategiske tenkinga vil også vera å vurdera nøye kva for mål og kva for tiltak som tykkjest realistiske på kort og lang sikt. Dette har også med ressursbruk å gjera. I arbeidet med å utforma ein konsekvent norsk språkpolitikk vert det såleis svært viktig å vurdera kva handlingsrom som finst på ulike område. Fyrste fase av arbeidet vil difor måtta vera å klårgjera måla for språkpolitikken, og så formulera ein strategi.

Me synest det er svært viktig å understreka det som her blir sagt, nemleg at den nye institusjonen må ha som eit viktig siktemål å tryggja posisjonen for norsk språk i Noreg og for nynorsk i høve til bokmål. For å få dette til må ein m.a. leggja vekt på å fram den kulturelle verdien som ligg i den norske tospråkssituasjonen. Det nye kompetansesenteret for norsk språk må spreia opplysning om at dei to målformene me har her i landet, representerer ulike kulturelle tradisjonar som samla sett utgjer ein sentral del av kulturarven vår. Dette ”opplysningsarbeidet” må gjerast på ein slik måte at det blir forstått og akseptert av ”folk flest” og av språklege premissleverandørar i samfunnet og hjå den unge generasjonen.

Språkleg mangfold

Her i landet har me tradisjon for å ta vare på det språklege mangfaldet. Det gjeld bruk av dialekt som munnleg uttrykksmiddel, og det gjeld valfridom innafor dei to skriftnormalane. Å oppretthalda og styrka det språklege mangfaldet, må heller ikkje gløymast av dei som skal setja opp arbeidsoppgåver for det nye språksenteret.

I den norske dagspressa har me sett tendensar til nokså sterk språkleg einsretting, og då ofte i retning av moderate/konservative bokmålsformer. Kompetansesenteret for norsk språk bør, slik me ser det, oppmoda personar med redaktøransvar til å visa større toleranse for ulike variantar av dei to norske målformene.

Personar med framandkulturell bakgrunn

I prosjektskissa blir det reist spørsmål om språksituasjonen for personar med framandkulturell bakgrunn bør inngå som eit ansvar for det nye kompetansesenteret.

Her er me samde med vurderinga til departementet når det gjeld dette spørsmålet: Det er ikkje naturleg å tilleggja den nye institusjonen eit slikt utvida ansvar. Arbeidsoppgåvene for den nye institusjonen vil bli mange nok frå før. Dette hindrar likevel ikkje at kompetansesenteret vil kunna ta opp til drøfting spørsmål som gjeld den totale språksituasjonen i Noreg. Kva for konsekvensar dette eventuelt bør få med omsyn til ansvarsfordelinga innanfor det statlige forvaltningsapparatet, må avklarast og vurderast etter kvart som ein vinn erfaring med den nye institusjonen.

Domenetap for det norske språket

Dei fleste språka i verda er i dag i ein pressa situasjon bl.a. som følgje av dei kreftene som spring ut av globaliseringa og den teknologiske utviklinga. Dei store verdsspråka, særleg engelsk, har i kraft av storleik og status store føremoner i den verdsomspennande og teknologibaserte kommunikasjonen som også vårt eige land blir stadig sterkare vevd inn i. Me ser at framande ord og uttrykk trengjer inn i norsk språk og gradvis set sitt preg på det norske ordtilfanget og til dels også på norsk språkstruktur.

Men det er ein annan påverknadsmekanisme som etter kvart har fått større merksemd i mange land, nemleg at morsmålet er i ferd med å bli erstatta av engelsk som bruks- og arbeidsspråk innafor sektorar som er strategisk viktige i samfunnet. Me meiner det er svært viktig å demma opp for denne utviklinga. Styresmaktene her i landet må kjenna eit ansvar for å halda vårt eige språk i hevd på dei ulike områda av samfunnslivet.

I sluttrapporten frå den offentleg oppnemnde Makt- og demokratiutredninga finn ein følgjande beskriving av den aktuelle situasjonen for norsk språk:

Det er utvilsomt funksjonelt å kunne kommunisere på engelsk i en globalisert verden. Det er gode grunner til størst mulig perfeksjon i engelsk som andrespråk også i Norge. Det er ikke her den lingvistiske imperialismen ligger. Den ligger i at engelsk fortrenger norsk på en rekke sentrale samfunnsområder. Dermed går språklig kompetanse tapt. Norsk utvikler seg ikke som moderne kulturspråk i full bredde, mens den engelsken som erstatter norsk er langt fattigere og svakere kulturelt forankret enn i gamle engelsktalende land. Tilbakegangen for norsk språk er særlig markert innenfor forretningsliv og reklame, popkultur, kommunikasjonsteknologi og forskning. Det er dette som kalles det norske språkets domenetap.

I bladet "Forskningspolitikk" (1/2004) kan ein lesa at engelsk har blitt det daglege språket til forskarane her i landet. Det blir fortalt at norske forskarar i dag brukar langt meir engelsk i arbeida sine enn dei gjorde for berre 5-6 år sidan. I eit fag som statsvitenskap blir i 2004 to av tre arbeid skrivne på engelsk. I nokre akademiske fag er mest alle lærebøker på engelsk, og også ein del av undervisninga føregår på engelsk. I artikkelen heiter det: "På utdanningssiden kan undervisning og lærebøker utelukkende på engelsk, på sikt føre til at studentene ikke kjenner norsk som et språk til forskning" (Forskningspolitikk, 1/2004:19).

Etter vår mening ligg her den viktigaste oppgåva for det nye kompetansesenteret for norsk språk. Senteret må arbeida målretta for å styrka det norske språket som bruksspråk på alle område. Norske forskarar må få skriva engelsk når dei kommuniserer med fagfellar i andre land, men innanfor det norske vitakaplege miljøet bør bruk av norsk vera hovudregelen. I undervisninga på høgskular og universitet bør bruk av norsk vera det sjølvsagde førstealternativet, så sant hovudmenga av studentane er norske.

Her meiner me at haldningsskapande arbeid må bli viktig for den nye institusjonen. Ein kan heller ikkje sjå bort frå at det må utarbeidast eit regelverk for bruk av norsk (og engelsk) som arbeidsspråk i offentlege læringsinstitusjonar.

Samfunnsforankring av den nye institusjonen

Me er samde med departementet i at den nye institusjonen bør ha verksemda retta inn mot eit vidt spekter av språkbrukargrupper, og at den i større grad har merksemda festa på språket i bruk enn på språket som eit isolert system av normer og reglar. Me er også samde i at institusjonen skal ha brei forankring ute i samfunnet. I prosjektskissa heiter det m.a.

Eit kompetansesenter for norsk språk må etablera gode samarbeidsrelasjonar med andre språkfaglege miljø, mellom anna innanfor universitets- og høgskolesystemet og med andre relevante forskingsmiljø, men også med grupper av språkbrukarar som blir rekna for å vera sterke språklege premissleverandørar, og grupper som er særleg sterkt utsette for språkleg påverknad.

Institusjonen må i alle høve ha ei vidare samfunnsmessig forankring enn det ein kan oppnå gjennom fast rådsrepresentasjon med formell avgjerdssrett. [...] All direkte og systematisk forankring til samfunnet utanfor bør helst skje i former som inviterer til aktiv medverknad framfor å opna for passiv representasjon.

Alt som her er sagt kan me slutta oss til. Ideelt sett må eit språkleg kompetansesenter ha gode kontaktar med *alle* delar av det norske språksamfunnet, ikkje berre til grupper som er språkpolitisk organiserte, eller dei som tradisjonelt har gjort seg gjeldande eller engasjert seg i språklege spørsmål. Innbyggjarane i her i landet må få oppdaga at norsk språk er ein viktig del av vår nasjonale identitet, og at vår tospråkssituasjon er ein fruktbar del av den felles kulturarven me har med oss. Me treng å bli minna om at me må vera aktive i arbeidet med å ta vare på norsk språk. Her kjem ingen ting av seg sjølv. Alle med samfunnsansvar her i landet må ta del i dette arbeidet. Språket er det limet som bind oss saman og som gjev oss kulturell og nasjonal identitet. Det er ein bodskap som den nye institusjonen må få fram klart og tydeleg.